



MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Sogndal - Quality Hotel Sogndal
Møtedato	10.12.2019
Kl.	14:10 – 18.25

År 2019, 10. desember kl. 14.10, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Quality Hotel Sogndal i Sogndal kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 29. november 2019. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representanten Marita Gunn Aarvik hadde meldt forfall til tingseta. I hennar stad møtte 1. vararepresentant Rita Navarsete.

Representanten Bjørn Hollevik hadde meldt forfall til tingseta. I hans stad møtte 1. vararepresentant Ole Gunnar Krakhellen. Fylkestinget godkjende forfalla til Aarvik og Hollevik.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic

HØGRE:

Noralf Distad
Sonja Øvre-Flo
Anne K. Lilleaasen
Ole Gunnar Krakhellen

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

VENSTRE:

Gunhild Berge Stang
Alfred Bjørlo

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Rita Navarsete

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob André Sandal

MILJØPARTIET DEI GRØNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Hilmar Høl og Trude Brosvik vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene 50 - 52/19 var sendt ut 2. desember 2019.

Saklista vart godkjend.

Ordførar i Sogndal kommune, Jarle Aarvoll, helsa fylkestinget.

Deretter var det kulturinnslag med folkemusikk frå distriktsmusikarane Malin Alander, folkesong, Ingrid Schei Stuhaug, hardingfele, Ole Nilssen, trekkspel, Håkon Høgemo, hardingfele, og Tom Karlsrud, trekkspel.

Fylkeskulturprisen i Sogn og Fjordane for 2019 vart delt ut til Ann Lundekvam og Bjørg Hovland.

Leiaren i kontrollutvalet, Frank Willy Djuvik, orienterte fylkestinget om status når det gjeld selskapskontrollen av Ferde AS.

SAK 50/19 Ny sak frå minsak.no: Økonomisk støtte til biomedisinsk forsking på ME

VEDTAK:

1. Fylkestinget vurderer forslaget til å gjelde fylkeskommunen si verksemd, jf. § 2 i kommunelova.
 2. Fylkestinget vedtek å imøtekome initiativet ved å gje 45 000 kroner i økonomisk støtte til biomedisinsk forsking på ME; finansiering frå fylkesutvalet sin disposisjonskonto.
 3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar Stortinget om å løyve nødvendige midlar til forsking på ME, då forskinga i dag ber preg av mange hypotesar og ein kompleksitet som det må arbeidast vidare med.
 4. Fylkestinget oppmodar vidare om at det vert etablert eit fylkeslag for ME-pasientar som omfattar heile Vestland fylke.
-

SAK 51/19 Endringar i budsjettet for 2019

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

A. Det vert gjort slik endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Statlege overføringer vert auka med 0,764 mill. kr
- 2 Renteinntekter vert auka med 36,500 mill. kr. Avsetting til skadefond på fylkesvegnettet vert auka med 35,760 mill. kr.
- 3 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter:	46,840 mill. kr
Renteutgifter:	55,000 mill. kr
Avdrag:	91,157 mill. kr
- 4 Budsjettet utgifter til pensjon vert auka med 3,050 mill. kr
- 5 Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning vert redusert med 1,200 mill. kr
- 6 Teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker vert redusert med 2,600 mill. kr
- 7 Teneste 5101 Vedlikehalde av skulebygg vert auka med 1,200 mill. kr
- 8 Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 0,570 mill. kr
- 9 Teneste 5611 PP-tenesta vert auka med 0,930 mill. kr. Bruk av disposisjonsfond vert auka med 0,360 mill. kr.
- 10 Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi vert auka med 3,515 mill. kr
- 11 Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,250 mill. kr
- 12 Teneste 7015 Nyskaping vert redusert med 2,310 mill. kr
- 13 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 0,200 mill. kr
- 14 Teneste 7750 Idrett vert auka med 0,250 mill. kr
- 15 Teneste 7500 Kulturminne vert auka med 0,250 mill. kr
- 16 Teneste 7600 Museum vert auka med 0,440 mill. kr
- 17 Samla vert driftsbudsjettet saldert med bruk av bufferfondet på 2,541 mill. kr

- 18 Fylkestinget er svært positive til arbeidet med visingssenter og infrastrukturtiltak ved Astrup-tunet, og har fylket har tidlegare løyvd kr. 1,4 mill til forprosjekt. Arbeidet er ikkje klart for løyving, men vi vil be Vestland fylkeskommune prioritere anlegget når planane føreligg.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 19 Prosjekt NY237 Flora idrettssenter vert auka med 0,800 mill. kr. Bruka av fond vert auka med 0,640 mill. kr og mva refusjon vert auka med 0,160 mill. kr
- 20 Prosjekt FV722 Flovegen vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 21 Endeleg finansieringsprogrammet for fylkesvegar vert slik:

Finansiering	Endeleg budsjett 2019
Førdepakken - bompengar	7,700
Førdepakken mva. komp	6,400
Førdepakken lånemidlar	20,800
Føresett mva. kompensasjon	35,913
Fondsmidlar	141,230
Låneopptak	0,000
Unytta lånemidlar 2018	27,770
Statleg tilskott - skredsikring	199,736
For mykje utbetalt 2018 - skredsikring	0,384
Føresett mva. kompensasjon, skredsikring	45,511
Sum	485,444

- 22 Sal av aksjar vert auka med 0,480 mill. kr. Avsetjing til kapitalfond vert auka tilsvarende.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Budsjettrapporten syner ekstra renteinntekter på 36,5 millionar. Fylkestinget vil difor gjere følgjande endringar i budsjettet for 2019.

1. Nikolai Astrup er ein av dei store nasjonale og internasjonale kunstnarane i landet, og ei viktig satsing i Sogn og Fjordane og Vestland fylke. Jølster/Sunnfjord kommune har søkt om 12,5 mill. kroner til nytt visningssenter og infrastrukturtiltak i og kring Astruptunet. Sogn og Fjordane fylkesting vedtek å støtte søknaden med 12,5 mill. kroner. Pengane vert utbetalt til Sunnfjord kommune under føresetnad av at Sunnfjord kommune løyver opp sin del i desember 2019 som gjeld budsjettet for 2020.
2. Det vert sett av 10 millionar til Kommunalt Næringsfond til kommunane i Sogn og Fjordane finansiert ekstraordinær avsetning til fond. Pengane vert utbetalt til kommunane i 2019 etter gjeldande fordelingsnøkkelen.

Framstegspartiet fremja fylkesrådmannen si tilråding til fylkesutvalet.

Avrøysting:

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 2 røyster og vart såleis forkasta.

Punkt 1 i framlegget frå Senterpartiet fekk 15 røyster og vart såleis forkasta.

Punkt 2 i framlegget frå Senterpartiet fekk 11 røyster og vart såleis forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteken mot 2 røyster.

Dette gir følgjande VEDTAK:

A. Det vert gjort slik endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Statlege overføringer vert auka med 0,764 mill. kr
- 2 Renteinntekter vert auka med 36,500 mill. kr. Avsetting til skadefond på fylkesvegnettet vert auka med 35,760 mill. kr.
- 3 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter:	46,840 mill. kr
Renteutgifter:	55,000 mill. kr
Avdrag:	91,157 mill. kr
- 4 Budsjettet utgifter til pensjon vert auka med 3,050 mill. kr
- 5 Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning vert redusert med 1,200 mill. kr
- 6 Teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker vert redusert med 2,600 mill. kr
- 7 Teneste 5101 Vedlikehalde av skulebygg vert auka med 1,200 mill. kr
- 8 Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 0,570 mill. kr
- 9 Teneste 5611 PP-tenesta vert auka med 0,930 mill. kr. Bruk av disposisjonsfond vert auka med 0,360 mill. kr.
- 10 Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi vert auka med 3,515 mill. kr
- 11 Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,250 mill. kr
- 12 Teneste 7015 Nyskaping vert redusert med 2,310 mill. kr
- 13 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 0,200 mill. kr
- 14 Teneste 7750 Idrett vert auka med 0,250 mill. kr
- 15 Teneste 7500 Kulturminne vert auka med 0,250 mill. kr
- 16 Teneste 7600 Museum vert auka med 0,440 mill. kr
- 17 Samla vert driftsbudsjettet saldert med bruk av bufferfondet på 2,541 mill. kr
- 18 Fylkestinget er svært positiv til arbeidet med visingssenter og infrastrukturtiltak ved Astruptunet. Fylkestinget har tidlegare løyvd kr 1,4 mill til forprosjekt. Arbeidet er ikkje klart for løyving, men vi vil be Vestland fylkeskommune prioritere anlegget når planane føreligg.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 19 Prosjekt NY237 Flora idrettssenter vert auka med 0,800 mill. kr. Bruka av fond vert auka med 0,640 mill. kr og mva refusjon vert auka med 0,160 mill. kr
- 20 Prosjekt FV722 Flovegen vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 21 Endeleg finansieringsprogrammet for fylkesvegar vert slik:

Finansiering	Endeleg budsjett 2019
Førdepakken - bompengar	7,700
Førdepakken mva. komp	6,400
Førdepakken lånemidlar	20,800
Føresett mva. kompensasjon	35,913
Fondsmidlar	141,230
Låneopptak	0,000
Unytta lånemidlar 2018	27,770
Statleg tilskott - skredsikring	199,736
For mykje utbetalt 2018 - skredsikring	0,384
Føresett mva. kompensasjon, skredsikring	45,511

Sum	485,444
------------	----------------

22 Sal av aksjar vert auka med 0,480 mill. kr. Avsetjing til kapitalfond vert auka tilsvarende.

SAK 52/19 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen utvider det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS fra 3 til 5 mill. kr, med gjeldande vilkår.
 2. Låneavtalen for det samla lånet på 5 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
 3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.
 4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
-

Etter sakshandsaminga var det eit kulturinnslag med Dans utan grenser.

Professor Oddmund Hoel, Høgskulen på Vestlandet, føredro deretter om «Sogn og Fjordane fylke og fylkeskommune i eit historisk perspektiv».

Distriktsmusikarane Bjørn Gisle Seter, song, Leif Aslaksrud, basstrombone, og Akiko Anazawa, piano, framførte «Sogn og Fjordane-songen».

Sjefredaktør Frøy Gudbrandsen i Bergens Tidende reflekterte over «Korleis utvikle Sogn og Fjordane innanfor nye Vestland fylkeskommune?»

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, fylkesrådmann Tore Eriksen og fylkesordførar Jenny Følling takka for seg.

Distriktsmusikarane Seter og Anazawa framførte songen «Å Vestland, Vestland».

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 10. desember 2019 på Quality Hotel Sogndal, Sogndal kommune, var slutt kl. 18.25.